


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JUNI 2020**



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Biblioteket er stengt vike 28 - 31, altså 6. - 31. juli. Vike 27 blir biblioteket ope måndag kl 15-19 og torsdag kl 12.00-15.30. (Altså vanlege opningstider, men berre dei to dagane den veka.)

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

17. mai-feiringa 2020, foto Annette Olden Nedreø

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 28. august. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne før onsdag 19.08.20 kl. 24.00. Skriv kort! Legg gjerne med bilet, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: postmottak@bjerkreim.kommune.no

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFSK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

Takk for ein flott 17. mai-feiring. Det var ei flott oppleving å køyre rundt i bygda, det blei ein minnerik dag som går inn i historiebøkene for sin eigenart. Takk til musikantar, talarar og dugnadsgjengen som gjorde den utradisjonelle feiringa mogleg.

Det blei ein verdig 17. mai-feiring til slutt.

Endeleg kom varmen, nå veks graset godt og det kan sjå ut som at «mai kulde skal gi bondens lader fulde». Lykke til med første slotten, ver forsiktig med traktorar og utstyr. Pass på dei tobeinte små som spring ute og leikar medan maskineriet går. Vi har ingen å miste!

Det er spesielt å jobbe med fleire spennande prosjekt som vi gjerne skulle fortalt bygda om. Men av flere grunner kan vi ikkje kome ut med informasjon for tidlig. Det blir gjort ein stor jobb i samband med etableringar av forretningar, nye bedrifter og utvikling av nye konsept frå vår side. Nokon av prosjekta ser aldri dagens lys, mens andre kan bli gode nyheter som vi kan fortelje om til bygdas innbyggjarar.

Den følelesen av å arbeide med eit prosjekt over tid, der ein legg mykje tid og krefter i noko bra som til slutt kanskje ikkje «bikker» vår veg; er det verste? Desto kjekkare er det om vi får til noko bra som blir realisert. Det blir lagt ned mykje godt arbeid i kommunen for å utvikle muligheter og tenester i Bjerkreim. Tida vil vise om vi jobbar i riktig retning.

Vi jobbar ein del med turisme og reiseliv i Bjerkreim. Magma Geopark har starta eit prosjekt som heiter UNESCO 2030. Dette prosjektet skal bidra til å synleggjera mulighetane i Bjerkreim. Det vil bli medverkningsmøter for interessegrupper i tida som kjem, slik at de i bygda som har gode idéar kan kome på banen.

Eg trur dette prosjektet knytt opp mot satsinga på Ørstdalsvatnet, toppturane, overnatting og lokalmat, kan være ein spanande miks. Kanskje det kan bli marknad for fleire nisjeprodukt i Bjerkreim ganske snart?

Eg vil også få takke styret som gjekk av i Bjerkreim Næringshage. Gratulerer til Arvid Røyneberg og resten av det nye styre, lykke til med arbeidet i åra som kjem.

Takk for innsatsen til lærarar og ungar i skuleoppstarten. Dei to rektorane våre med sin stab kasta seg rundt og fann løysningar på rom, hygiene og bemanning. Eg er imponert over arbeidet som blir gjort. Eg forstår at ungane begynner å bli leie av regelverket og dei strenge krava til grupper og leik. La oss håpe at vi snart er 100 % tilbake til normalen i skulegarden.

Ha ein fin juni månad, lad batteria, - nå snur snart sola mot mørkare tider.

Venleg helsing Kjetil

SOMMARLES

Går du i 1. - 7. klasse?

Då kan du bli med på den kulaste sommarlesekampanjen i Noreg! Lag din eigen profil på sommarles.no og les så mykje du orkar i løpet av sommarferien. Les bøker og sommarlesforteljinga til Mari Moen Holsve, og få kule premiar!

SJEKK UT SOMMARLES.NO FOR MEIR INFO ELLER BESØK BIBLIOTEKET.

**VIKESÅ TAXI
51 45 19 00**



POLITISKE MØTE JUNI – FYSISKE MØTE PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Fellesrådet:	Torsdag 04.06 kl. 13.00
Ungdomsrådet	Torsdag 04.06 kl. 16.30
Gruppemøter:	Måndag 08.06 kl. 19.00
Formannskap:	Tysdag 09.06 kl. 16.00
Levekårsutval:	Onsdag 10.06 kl. 19.00
LMT-utval:	Onsdag 10.06 kl. 19.00
Kommunestyre:	Tysdag 16.06 kl. 19.00

OFFENTLEG ETTERSYN AV FORSLAG TIL MEDDOMMARAR OG FORLIKSråd FOR PERIODEN 2021-2024

Formannskapet behandla sakene om val av meddommarar for 2021-2024, til Sør-Rogaland jordskifterett, Dalane tingrett og Gulathing lagmannsrett og val av forliksråd den 28. april 2020. Forslaga frå formannskapet blir jf. domsstolloven § 68 lagt ut til offentleg ettersyn.

Ev. merknader til forslaga må sendast til postmottak@bjerkreim.kommune.no, eller Bjerkreim kommune, postboks 17, 4384 Vikeså, **innan 9. juni 2020, kl. 15.00 (ny frist).**

Kommunestyret skal behandla sakene og gje gjera endeleg val av meddommarar og forliksråd den 16. juni 2020.

Sør-Rogaland jordskifterett:

Gerd Kari Laksesvæla (f. 1955)
Merete Hestnes (f. 1965)
Ingeig Bjordal Gjedrem (f. 1968)
Tora-Britt Svela (f. 1954)
Åshild Slettebø (f. 1969)
Hege Brattebø (f. 1976)
Anne Eikeland (f. 1972)
Andreas Osland (f. 1963)
Ketil Gjedrem (f. 1953)
Baard Gravdal (f. 1967)
Egil Gjedrem (f. 1967)
Per Hetland (f. 1984)
Arne Geir Larsen (f. 1952)
Jan Inge Osland (f. 1974)

Dalane tingrett:

Siri Vikeså Sjøtrø (f. 1957)
Borghild Hvidsten Gjedrem (f. 1981)
Gerny Egeland Harouny (f. 1966)
Elsa Vassbø Vaule (f. 1957)
Aslaug Marie Undheim (f. 1952)
Andreas Osland (f. 1963)
Leiv Ove Tengesdal (f. 1977)
Nis Willem Bartels (f. 1978)
Stein Kittelsen (f. 1965)
Kjell Asbjørn Olsen (f. 1959)

Gulathing lagmannsrett:

Ellen Cecilie Vikeså (f. 1979)
Lina M. Hvidsten Gjedrem (f. 1983)
Egil Stokkeland (f. 1963)
Øyvind Sjøtrø (f. 1957)

Forliksråd:

Medl.:
Asbjørn Tengesdal (f. 1959) - leiar
Torill Dalene Gjedrem (f. 1958)
Linda Marie Ødegård Frøland (f. 1978)
Varamedl.:
1. Stein Kittelsen (f. 1965)
2. Wencke S. Olsen (f. 1954)
3. Aarne Undheim (f. 1958)

POLITIKONTAKT

Politikontakt Svanhild Wetteland-Skåra er vanligvis å treffje på kommunehuset tirsdager og onsdager mellom kl. 10.00 og 14.00. Publikum kan også kontakte Eigersund politistasjon på tlf. 02800 eller 51 89 90 00.

VELKOMMEN TIL KLØGETVEDTTUNET SOMMEREN 2020

Program:

Søndag 14. juni kl. 13.00:

Sesongåpning ved ordfører Kjetil Slettebø. Overrekking av gaver, åpen kafe. Snekring av fuglekasser ved Dalane Friluftsråd. På grunn av smittevern, må barn som ønsker å snekre, melde seg på i forkant. Kr 50,- pr barn betales i forkant på Vipps (537600) til Bjerkreim kulturkontor. Dette gjelder som påmelding til aktiviteten, og dekker også betaling for byggesettet. Maks 20 deltakere, alle må ha med sin egen hammer og stjerneskruejern. Gratis adgang til tunet for de som ikke skal snekre.

Søndag 21. juni kl. 13.00:

Konsert med Rita Fotland Bøe, trekkspill. Gratis adgang.

Søndag 16. august kl. 13.00:

Barneforestilling med forteller Marianne Stenerud: Trolljammer. Passer for alle. Gratis adgang

Søndag 23. august kl. 13.00:

«Og tok de enn vårt liv». Krigsminneforedrag ved Kjellaug Bakke. Gratis adgang.

Søndag 30. august kl. 13 - 16:

Marknadsdag dersom smittevernregler tillater det. Gratis adgang.

Alle søndager med arrangement:

Åpent 13 – 16. Åpen kafè. Salg av kaffe, te, lapper og enkle kioskvarer. Publikum anmodes om å bruke Vipps om mulig. Guiding på forespørsel.

Det tas forbehold om regler for smittevern og avstand, og at vi kanskje må begrense antall besøkende i hver bygning ved behov. Mer enn vanlig av aktivitetene vil foregå utendørs eller i det uoppvarmede sauehuset, klær etter været anbefales.

KRAFTTAK FOR SANG

Siden det ikke kommer ut Bjerkreimsnytt om sommeren, kommer vi her med hele 3 Månedens sang; for juni, juli og august. I juni oppfordrer vi folk til å synge den svenske «Sommarpsalm» - «Sommersalme» på norsk. Denne er obligatorisk på alle sommeravslutninger i Sverige, og er også kjent fra bryllupet til svenske prinsesse Madeleine. For juli har vi valgt ut en annen svensk sang oversatt til norsk: «Lille Idas sommervise» med tekst av Astrid Lindgren, kjent fra filmene om Emil i Lønneberget. Begge sanger finnes på YouTube for de som ikke kan melodiene. I august tar vi vår egen «Bjerkreimsangen» med tekst av Ole og Solveig Nedrebø. Den er foreslått som Månedens sang av Gerd Arrestad Vassbø. Vi oppfordrer også andre til å sende inn forslag!

BJERKREIMSANGEN

*Melodi: «Å, Vestland, Vestland»
Tekst: Solveig og Ole Nedrebø*

Du Bjerkreim bygd, som ligg der ven og vid
med gard og grensd,
så gjæv frå gamal tid,
med åker, eng, og beitemark og myr,
der lerka svingar seg så glad og yr.

Når sola skin på grøne gras og grunn
me arbeidsglade går frå morgenstund,
og haustar grøde heim til sola fell.
Me fegne stupar så i seng om kveld.

På Faure fjell og høge Rambjør hei
går smaleflokkar gilde langt av lei.
Me fjåge flyg i einerkratt og lyng
og sankar sau der foss og bjøller syng.

Og raunbær rodnar under haustsol klår.
Frå stråa rislar rimfrost der du går.
I råkald vinter med blå is på bø
då lokkar Stavtjørn, sol og glitresnø.

Om tida sviv med dim og dulde draum,
så vent me vaknar til ein vårsolflaum.
All skapning livnar, - gauken gjel så vill
til heggeblom og vårveld, mjuk og mild.

I Bjerkreim budde slik vårt frendefolk
i segn og sogesus frå bok til bok.
Når framtidsvona lyser rein og klår
for folket heime her i bygda vår.

LILLE IDAS SOMMERVISE

*Melodi: Georg Riedel
Tekst: Astrid Lindgren*

Du skal ikke tro det blir sommer,
hvis ingen kan sette litt fart
på sommer'n og gjøre den sommerlig, for da
kommer blomstene snart.
Jeg gjør sånn at blomstene blomstrer,
jeg gjør sånn at enga blir grønn,
og nå, nå har sommeren kommet,
for nå har jeg tatt bort all snø'n.

Jeg lager alt vannet i bekken,
så den kan få klukke og le.
Så lager jeg svevende svaler
og mygg de kan meske seg med.
Så lager jeg nytt løv på trærne og insekter,
store og små.
Jeg gjør himmelen vakker om kvelden, med
solnedgangs-fargene på.

SOMMERSALME

*Melodi: Waldemar Åhlen.
Norsk tekst: Øystein Thelle*

Så grønn en drakt, så rik en duft
har smykket dal og enger!
Nu strykes ømt av lys og luft
de fagre urtesenger.
Hør lundens sus og bekkens brus
forkynne hva som kommer:
Omsider blir det sommer!





ÅRSMØTET

i Bjerkreim Helselag går ut pga. coronaen.

KORTE GÅTURER!

Nytt av året: Helselaget arrangerer korte gåturer. Oppmøte ved Samfunnshuset kl. 17.00 kvar torsdag. Passer for alle! Første gang: 4. juni

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd. Godt miljø. Turen 3. juni går til Gravdal. Pga. situasjonen avtalar kvar enkelt kven som kjører i lag. Avreise frå Esso kl. 10.00. Ta med eiga niste og sitjeunderlag. Rolf Gravdal blir med som los og forteljar. Vel møtt til tur igjen!

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG

Bli med på friluftstur til Vannbassengene i Egersund den 18. juni. Kl. 18.00 kjører vi fra Esso Vikeså i privatbiler. Ta med egen drikke. Styret har med noe kaffimat til pausen. Lettgådd område og tur for alle. Påmelding til Liv Karin tlf. 91729184

BJERKREIMSQUIZEN

Tek ferie i juni og juli, men startar opp att onsdag 19. august kl. 19.30 på Vikeså Veiservice. Quizmaster: Harald Andre Veen kr.30,- pr. pers. – 4-mannslag.

ÅRSMØTE BJERKREIM IDRETTSLAG

Sted: Bjerkreim samfunnshus
Tid: Onsdag 10. juni kl. 19.00

ÅRSMØTE I STIFTELSEN BJERKREIMSHALLEN.

Årsmøte tirsdag 9. juni, kl. 19.00 på møterommet i Bjerkreimshallen. Det blir ingen servering. Vel møtt!

BILREBUS I BJERKREIM

Når: 21.juni 2020. Frå kl. 10 og utover
Oppmøtestad: Bjerkreimshallen
Påmelding: theresefigved@hotmail.com
Påmeldingsinfo:

- antal deltagarar i bilen med namn.
- Bilens sjåfør
- Registreringsnummer på bil.
- Mobilnummer til kontaktperson
- evt. ønska tidspunkt.

Påmeldingsfrist: 14. juni
Passar alle aldrar, varer ca. 4 timer.
Flotte premiar til fyrsteplass og tilfeldig utvalte deltagarar.
Begrensa antal plasser.
Fyrste mann til mølla!

*Arr.: Bjerkreim kommune og
Bjerkreim Klatre- og Tindeklubb.*

LOPPEMARKED

Litauens venner ser sjansen for å få gjennomført årets loppemarked den 15.08.20 for svært usikker. Dersom loppemarkedet likevel skulle bli avholdt vil dette bli kunngjort ved plakater og annonser i den lokale pressen.



MEDLEMSMØTE KRF

Tid: Fredag 28. august kl. 19.30
Stad: Bjerkreim bedehus
Nominasjon til Stortinget
Mat
Vel møtt!

Bjerkreim KrF

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur, digitaliserte videoer: Ørsdalen Gruver – intervju med Tomas Vassbø.

VIKESÅ MISJONSHUS

All verksemد vert etter koronareglane.

03.06 kl. 20.00 Bønesamvær

15.08 Kanskje loppemarknad. Sjå eiga annonsering.

28.08 kl. 20.01 Lovsongskveld

30.08 kl. 11.30 Gudsteneste og søndagsskule. Dørene vert opna kl. 10.30.

BJERKREIM BEDEHUS

Vi tek atterhald om kor mange personar som kan samlast, så følg med på info på nettsida og plakatar.

Tysdag 23. juni kl. 19.00
Jonsok-feiring ved bedehuset

Søndag 5. juli kl. 19.30
Sommarmøte

Laurdag 29. august kl. 18.00
Samlingsfest

BJERKREIM BEDEHUS

Leige av lokalar til konfirmasjon i 2021.

Frist for å søkja: 22.06.20.
Det kan vera 2 parallelle selskap – eit i 1. etg. og eit i kjellar.
Fint med beskjed om kva de ønskjer. Kontakt: Anne M. Slettebø, tlf. 99494785, epost: bjerkreimbedehus@gmail.com. Trekking like etter fristen.

Bedehuset er også ledig laurdag 17. oktober 2020 til konf.selskap i hovudetg. Den som tek kontakt først, får leiga huset.

Driftsstyret

VELKOMMEN TIL Å FØLGJE PÅ NETT:

Sundag 7. juni kl. 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kapell.

Takkoffer: Norea mediemisjon

Sundag 14. juni kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.

Musikalsk innslag: Gro Annette Slettebø. Takkoffer til Bibelskulen Grimstad.

Sundag 21. juni kl. 11.00.

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Rogaland

Sundag 28. juni

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 5. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.

Takkoffer til Sundagsskulen Norge.

Sundag 12. juli kl. 11.00.

Høymesse i Ivesdal kapell.

Takkoffer til NLM

Sundag 19. juli kl. 11.00.

Høymesse i Bjerkreim kyrkje.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Sundag 26. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.

Takkoffer til Kirkens SOS i Rogaland

Sundagane 2. august, 9. august og 16. august

IKKJE gudstenester i soknet.

Sundag 23. august kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje.

Takkoffer til Trusoplæringa. Utdeling av 6 års bøker. 50års konfirmantane deltek.

Sundag 30. august kl. 11.00.

Høgmesse på Vikeså Misjonshus.

Takkoffer til Normisjon. Anna: 6års bok.

DØDE

07.05.20

Johannes Sigurd Vestersjø

Joh 15, 27

Det var ein gammal mann som gjekk te kyrkja. Han gjorde det kvar sundag det var gudsteneste i kyrkja. Han var dårleg til beins. Men likevel gjekk han kvar sundag den om lag ein kilometer lange vegen til kyrkja.

Det var ikkje så mange som såg mannen på kyrkjeveg. Mange unge låg enno og sov. Men likevel: han var eit fint vitne om Jesus. Alle visste om ham. At han kvar sundag morgon gjekk dette stykket. Han viste tydeleg med si vandring at om sundag formiddag, då er samlinga om Bibel og nattverd det viktigaste.

«De skal og vitna» seier Jesus i Joh 15, 27. Det er mange måtar å vitne på. Nokre har fått ei eineståande gáve med å tale. Eller å be. Eller å samtale. Og nokre har med sine livshendingar sterke vitnemål som fortel om levd liv med Jesus. Eller utan ham. Nokre av dei sterkaste slike vitnemål hører eg frå kristne forfølgde kyrkjer rundt om i verda. Nokre av dei nærmaste slike vitnemål hører eg frå kvardagslege hendingar frå menneske frå vår eigen bygd.

Eg gjekk på ungdomsskulen då eg ein dag fekk spørsmål av ei jente: Eg du kristen? På ein måte var det eit enkelt spørsmål, Men samtidig kravde spørsmålet meir enn eg til då hadde tenkt over. Eg vart avkrevd eit «ja» eller «nei». Eg hugsar at eg ikkje svara med ein gong. Men eg ende på eit «ja». Og eg har ikkje angra enno.

Slike små og store vitnesbyrd burde me være svært frimodige med å dele. God sommar.

Soknepresten

KONFIRMASJONS-SUNDAGAR

Bjerkreim kyrkje hausten 2020:

Laurdag 17.10 kl. 13.00

Laurdag 24.10 kl. 13.00

KONFIRMANT VÅREN 2021 – INFORMASJONSMØTE.

Tysdag 16. juni 2020 kl. 19.00 til ca. 20.30 blir det informasjonsmøte i Bjerkreim kyrkje for neste års konfirmantar og foreldre/føresette.

26. mai blei det send ut brev til neste års konfirmanter etter kyrkja sitt medlemsregister (fødd 2006). Har du ikkje fått invitasjon, ta kontakt med kyrkjekontoret. Velkommen.

KONTAKTINFO KYRKJEKONTORET:

Besøksadresse: Nesjane 5
(misjonshuset)

Tlf prest: 51201197

Tlf kyrkjeverje: 51201198

E-post: post@bjerkreimkyrkja.no

FERIETIDA 22.06 – 16.08.

Enkelte dagar kan kyrkjekontoret vera stengd p.g.a. ferieavvikling. Kjem du til låst dør, vil det vera oppslag med tlf.nr du kan ringja. Kontortid i ferietida:

tys- og torsdagar kl. 09.00 – 14.00. Soknepresten har ferie veke 30, 31, 32 og 33. Tlf kyrkjekontoret i Eigersund 51463330.

UTDELING AV 6 ÅRSBØKER!

Det blir delt ut bok til alle 6-åringar på gudstenesta i Bjerkreim kyrkje sundag 23. august og på Vikeså misjonshus sundag 30.august. Me sender ut invitasjonar etter kyrkja sitt medlemsregister når det nærmar seg. Alle skulestartarar (f. 2014) er velkomne til å motta boka.

Ta kontakt med oss på post@bjerkreimkyrkja.no eller tlf.: 51201198 dersom de vil ha invitasjon til nokon som ikkje står i vårt register.

HUSK Å SJEKKA PRESSAFTANLEGGET PÅ GARDEN FØR SILOSLÅTTEN

Slåtten nærmar seg. Landbrukskontoret vil oppfordra alle som brukar tårnsiloar, til å sjekka om pressaftanlegget fungerer slik det skal FØR slåtten startar. Sjekk om siloveggane, botnen og overgang golv/vegg er utan hull og sprekker, om sjølve avlopet frå siloen er intakt og om pumpe-kummen er tett. Dei siste åra har vi dessverre hatt fleire tilfelle med silopressaft som har hamna der det ikkje skal vera; i bekkar og elvar! Dei plassane det tidlegare har vorte registrert utslepp, vert følgt opp av kommunen. Så ikkje gløym denne viktige sjekken nå!! Ved bruk av rundballar: Hugs å lagra dei i god avstand frå grøftesystem, opne kanalar, bekkar og vatn.

Fakta:

Frå 100 tonn direktehausta gras (10 - 15 % torrstoff) kjem det ca. 30 - 40 m³/30 - 40.000 liter pressaft. Dersom du fortorkar graset i ca. 1 dogn og oppnår 25 - 30 % torrstoff, vil mengda med pressaft verta veldig redusert, opp til nesten inga avrenning ved optimale vèrforhold. Det er kun små mengder pressaft som skal til for å starta algevekst i vassdraga, og dermed forbruk av oksygen som i verste fall gir fiskedod. Nedbryting av 1 liter silosuft forbrukar oksygenet i 5.000 liter vatn.



Dette året har me hatt ein kald vår, slik at utviklinga av ugrasa har gått litt seinare. Det er derfor enno muleg å foreta punktsprøyting av desse ugrasa i beita dykkar. Spesielt for tistelen sparar ein mykje arbeid ved å sprøyta, framfor å måtta hakka desse seinare i sesongen. Vår oppfordring er å nytta dei dagane ein har no fram til siloslåtten, med å fjerna **tistlar** frå beita. Husk behandlingsfristen for preperatet.

Dersom du har mykje **hundekjeks** og **høy mole** i enga, bør du vurdera om du skal sprøyta vodlen mot desse ugrasa etter 1. slåtten. Spesielt hundekjeksen er ei plante som har stor utbreiing i «reinane» rundt vodlen, og inntil steingardar. Rett sprøytepunkt for hundekjeksen er når planta er på rosettstadiet eller akkurat når stengelen startar å strekka seg.

Ein må vera klar over at sprøyting sett veksten av vodlen noko tilbake. Dette året har imidlertid mange av dykk enno mykje før igjen, og dersom 1. slåtten vert normal, bør ein nytta høvet å ta kampen mot desse ugrasa! Ta

kontakt med NLR/Forsøksringen om du treng råd om middel og behandlingsstrategi.

Me på Landbrukskontoret får kvart år telefonar frå bønder, som irriterer seg over at kollegar ikkje gjer noko med problemugras som tistel og hundekjeks. Me vurderer avkorting av arealtilskot i dei verste tilfella. I dialog med bøndene tek dei som regel tak i ugraset og gjer noko med problemet, innan fristen som vi set. Dersom du ikkje tek tak i problemet nå, vert problemet endå større neste år!

SKRIV OPP NÅR DU SLEPPER DYRA PÅ BEITE

For å få tilskot for dyr på beite, er kravet at dyra skal vera minst 16 veker ute på beite, enten dei går på innmarksbeite, utmarksbeite, dyrka jord eller ein kombinasjon av desse. Det betyr at dersom du slepper ut dyra den 01.06.20, så må dei minimum vera ute på beite til 01.10.20 for å ha rett på dette tilskotet.

For å få tilskot til dyr på utmarksbeite er kravet at dyra skal vera minimum 5 veker på utmarksbeite. Me merkar at krava til dokumentasjon frå sentrale myndigheiter, stadig vert skjerpa. Me vil derfor oppfordra dykk til å **notera ned når dei ulike dyra vert sleppte på inn- og utmarksbeite**. Skriv ned **dato og antall dyr** som er sleppt ut, og gjer det same når du tek dei inn frå beite om hausten.

Dersom du gjer dette, er det mykje enklare å henta fram opplysningsane når du skal søkja om produksjonstilskot til hausten. Det lettar også jobben ved ein evnt. kontroll frå oss.

TILTAK MOT PROBLEMUGRASA TISTEL, HØYMOLE, HUNDEKJEKS OG REVEBJELLER

Desse ugrasartane vert meir og meir vanlege å sjå i eng og beite.

INFORMASJON



Befaring og tilbud: Sentralnet AS

tlf. 51 49 20 20

PITTERGARDEN VIKESÅ

© 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med sær preg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynett.no



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775 / 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04



NÅ ER FLÅTT- SESONGEN I GANG

ta kontakt for forebyggende
behandling !

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering

Kirurgi

Digital røntgen

ID-merking

Vaksinering

Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPNINGSTIDER HOS OSS I SOMMER

MANDAG-FREDAG 08.00-22.00

LØRDAG 09.00-20.00

SØNDAG 09.00-22.00

FØLG ANBEFALTE REGLER FOR
CORONASMITTE

1 METER AVSTAND OG RENE HENDER TAKK



VIKESÅ VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!